

nr. 5 - 2010

# PIRION


- kulturavis for barnehagar og skular



## MØTE MED BLODRIK OG MORA HANS

På scena står damer med raude kinn og raude kapper. Publikummarane har òg fått kapper på. Nesten alt er raudt. Det er fordi Blodrik har kome på besøk.

TEKST OG BILDE: TOYNI TOBEKK



**Scena er tribunen på Ivar Aasen-tunet, publikummarane er barn og vaksne frå barnehagane rundt om, og Blodrik - det er Kari Stais nyaste figur.**



*Biletbøker har mange strengar å spele på. Men Kari Stai trur barn òg har godt av å bli lesne for frå bøker utan bilete, dei har bileta i tankane sine.*

**Kari Stai** (f. 1974) er forfattar, biletkunstnar og illustratør. Ho kjem frå Inderøy i Nord-Trøndelag. Har gitt ut barnebøkene Jakob og Neikob (2008) og Blodrik og blodfabrikken (2010). For Jakob og Neikob fekk ho debutantprisen frå Kultur- og kyrkjedepartementet i 2009. Kari Stai har òg illustrert bøker for mellom andre Rune Belsvik.



**Blodrik sitt hovud er forma som eit hjarte, forklarar Kari Stai til det kappekledde publikummet sitt.**

Kari Stai er forfattaren og illustratøren som laga boka om Jakob og Neikob, ei biletbok som no er seld til seks land. *Blodrik og blodfabrikken* er nyss utkomen i Noreg.

— Blodrik har eit stort hjarteforma hovud og ein kropp sprekkfull av blod, forklarar Kari Stai til gjestene sine medan ho skisser opp enkle strekar på ei tavle.

— Blodrik må tappe blod på blodfabrikken kvar dag, elles sprekk han, seier ho, medan resten av galleriet blir til: Myggen med hjarteforma vengjer og Vanda som ser ut som ei tåre. Desse tre får i oppgåve å gi hjarta tilbake til hunden til Vanja som no bur oppe i skyene.

— Denne boka handlar om vennskap og iderikdom, forklarar Kari Stai.

Figurane til Kari Stai byrjar som ein eigenskap. Blodrik skulle vere full av blod, og han skulle vere hjelpsam. Rundt dette byrja ho spinne ei historie ho ikkje alltid

visste slutten på, forklarar ho.

— Korleis er Blodrik og blodfabrikken annleis enn Jakob og Neikob?

— Historia om Blodrik er ei meir omfattande historie, og ho er dristigare i bildespråket. Eg rører òg ved meir abstrakte ting i Blodrik. Døden. Mystikk.

Ho nøler når ho snakkar om døden.

Forklarar at det var greitt å vere litt utydeleg i historia rundt Vanja sin døde hund.

— Det er store spørsmål som krev store svar. Eg har ikkje alle desse svara.

— Du skriv om blod. Det er litt dramatisk?

— Eg var litt i tvil om det å skrive om blod. Kunne det bli skummelt? Men eg trur barn er fordomsfrie, så det går fint.

Det er i det heile større fridom og rom for fantasi i barnelitteraturen, meiner ho. Og slik må det vere. — Som lesar forventar eg meir realitet i vaksenlitteraturen.



*I blodfabrikken til Blodrik lagar dei chiliketsjup av blodet. Barna på Aasen-tunet måtte sjølusagt få smake.*

Stai bruker gjennomgåande enkle strekar og store, reine fargeflater i bøkene sine. Fargane er litt falma, på ein nostalgisk 70-talsmåte, som ho uttrykkjer det.

– Eg har hatt eit mål om å ha eit universelt uttrykk, grunnleggande i form og farge. Eg likar at det er så sparsamt.

Det kjem vél med når bøkene skal ut på ein utanlandsk marknad. Kvart land har ofte eit stadtypisk preg på illustrasjonane sine, noko som kan gjere det vanskeleg å selje biletbøker i utlandet.

– *Kva er viktigast i ei biletbok, tekst eller bilete?*

– Bileta er like viktige som teksten. Det er veldig bra viss bileta kan seie noko anna, noko meir enn teksten gjer.

Jakob og Neikob var den første boka Kari Stai laga både tekst og bilete til. Tidlegare har ho illustrert andre sine bøker. Kva likar ho best?

– Det kjennest tryggare å gjere heile boka sjølv. Då øydelegg eg berre for meg sjølv, på ein måte.

*Korleis er det å møte barna du skriv for?*

– Barn er naturlege og ærlege kritikarar. Dei går meir rett inn i handlinga, utan å hefte seg ved ramma rundt eller historia før og etter. Som forfattar lærer eg meir av sjå verknaden boka har på lesarane, enn av å analysere stoffet og skrivesituasjonen på førehand.

Stai seier ho har stor respekt for den rolla ho har som berar og formidlar av idear. Det er trygt og godt å sitje på arbeidsrommet saman med ein forleggjar og lage boka. I møte med lesaren, ansikt til ansikt, må ein sjå sitt eige arbeid i kvitaua.

– Då må eg stå for det eg har skapt. Det er viktig.

– *Kjem det fleire bøker frå deg?*

– Ja, eg skal lage peikebøker for Samlaget. Bøker utan tekst, det blir noko heilt nytt.



## E-intervjuet:

# BARNEBØKER KAN FORSVINNE

Litteraturformidlar trur dagens biletbøker står for fall. Les meir i dette e-intervjuet.

Namn og alder: Ine Mari Torsvik Bertelsen, 40 år

Yrke: Kunstnarisk leiar i «Maktens pluttifikasjon», Den nordiske barne- og ungdomslitteraturkonferansen

*Kvifor er du så oppteken av barne- og ungdomsbøker?*

Lesedugleik er ein føresetnad for å oppretthalde demokratiet. Barne- og ungdomslitteratur er eit av verkemidla for å styrke lesekompetansen i befolkninga, både hos barn og vaksne. Det finnest så mange perler blant litteraturen, som så få kjenner til. Eg ønskjer å formidle dei til barn. Inga glede er større, eller viktigare enn å lese nye bøker for barn.

*Kva kvalitetar skal ei barnebok ha for å vere god for barn?*

Opplevinga av å lese/høyre ei bok er individuell, så kva for kvalitetar som gjer ei bok god varierer frå barn til barn. Derfor er det viktig at eg som litteraturformidlar kjenner dei fleste barnebøkene som kjem ut, slik at vi finn den rette boka til det rette barnet.

*Ein gong sa du at biblioteka burde slutte å ha Pippi og Emil i hyllene sine. Kvifor meiner du det?*

For meg handlar det om å formidle ny litteratur til barna. Lesedugleiken blir styrka med meir lesing. Det er ikkje likegyldig kva du les, kvalitet er viktig.

*Kan Facebook, nettspel og chattekanalar gjere at det ikkje er bruk for bøker meir?*

Ja, sjølvsagt kan nettet erstatte barne- og ungdomslitteraturen. Feltet barne- og ungdomslitteratur er i dag ikkje eit prioritert område verken av media, foreldre eller skulesektoren og vil då vere meir utsett for å bli erstatta enn for eksempel vaksenlitteraturen.

*Er det nokre nye trendar innan barnelitteratur vi snart blir kjende med?*

Slik eg ser det er det helt klare teikn på at den gode barneboka, slik vi kjenner ho i dag, på sikt vil forsvinne. Barnebokmarknaden er i dramatisk endring.

*Kva er di beste leseoppleving?*

Då eg las biletboka «Forteljinga om jakta på forteljinga» av Bjørn Sortland (1995) opna det seg ei ny verd for meg. Sidan den gong har eg lese dei fleste biletbøkene som har kome ut.

*Vil du anbefale ei barnebok som vil gje oss ei heilt spesiell oppleving?*

Eg vil anbefale biletboka «Bilder av folk» som er kåra til verdas vakraste bok, skrive av Blexolex. Boka framstår som veldig annleis enn det meste anna eg har lese, men opplevinga av å lese ho med barn i ulike aldrar er unik. God lesing.

## BOKMEIÐING GARMANNS HEMMELIGHET

I den tredje boka om Garmann handlar det om forelsking, å utforske verda og kvarandre, men kanskje mest av alt om å få gjere ting utan andres blikk på seg.

Garmann og Johanne er venner.

Tvillingsystera til Johanne, Hanne, er og ein del av bildet, men Garmann er ikkje heilt trygg på Hanne. Når han og Johanne finn det som kan vere restane av ein romkapsel i skogen, har dei funne sin eigen oase for sommaren. I denne oasen blir det rom for tankar og kjensler som er

så store og nærverande at ikkje ein gong verdsrommet har svar. Utanomverda lukkar seg ute for desse to ungene, og dei utforskar kvarandre gjennom spørsmål som handlar om tid og rom. Garmann og Johanne får dessutan erfare at det er andre som har hemmeligheter, ikkje berre dei to.

Bilda i Stian Hole sine bøker om Garmann tar mykje plass, på ein god måte. Dei lar meg som lesar få vere til



Tekst og illustrasjon: Stian Hole  
Cappelen Damm 2010

stades i forteljinga, først og fremst fordi dei er så fotografiske. Detaljrikdommen er og ei gåve for lesaren som har tid til å sjå godt etter.

Ein får beint fram gåsehud av å sitje på ei grein i skogen saman med Garmann og Johanne som maren igjennom.

Toyni Tobekk



www.pirion.no

## PIT PARION

# Dubbing av barnefilmer

**F**ilm og tv er svært viktige medium for barn som veks opp i dag. Lite av det som blir sett, er produsert i Noreg, og det har blitt stadig vanligere å spela inn norske versjonar av lydspora til utanlandske filmar og tv-seriar. For nokre år sidan var dubbing langt vanlegare i Sentral-Europa enn i dei skandinaviske landa, men eg synest å registrera at denne trenden er i ferd med å snu. Før teksta me, men no dubbar me stadig meir i Noreg òg. Tidlegare var det helst teikne- og animasjonsseriar som blei dubba, særleg dei som retta seg mot barn, men det blir stadig vanligere å dubba film-innspelingar òg.



**TRUDE HOEL ER:** universitetslektor ved Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning, Lesesenteret, ved Universitetet i Stavanger

Som språkinteressert kan ein jo hevda at dubbing er bra – for det å ikle utanlandske filmproduksjonar ei norsk språkdrakt vil jo kunne styrka det norske språket. Dubbinga gjev det norske språket eit betydeleg rom i dei mest populære media. (Mellom anna har det ført til at dotter mi på 8 år er sikker på at alt frå Disney er norsk!) Mange synest òg det er ein føremon med dubbing fordi sjåarane slepp å lesa teksting og dermed kan konsentrera seg om kva som skjer i

biletet. Dette gjeld særleg for mindre barn, som les sakte eller ikkje kan lesa. Men eg er ikkje så sikker på at konsekvensane av dubbinga berre er positive – heller ikkje for det norske språket.

For det fyrste meiner eg at dubbing tar bort ein viktig mulegheit til språklæring. Viljen til å forstå kva som blir sagt i engelske filmar, er ei viktig drivkraft til å læra seg engelsk. Det å høyra engelsk gjer også tilhøyrarane vane med engelsk uttale. Bruk av dubbing har lenge fått skulda for at engelskkunnskapane er dårlegare i mange andre land enn i dei skandinaviske landa, og auka dubbing kan derfor koma til å verka inn på engelskkunnskapane til norske barn òg.

For det andre trur eg teksting av filmar og tv-seriar, som ungane er interesserte i, kan ha ein lesestimulerande effekt. Me skal ikkje undervurdere den driven som ligg i lysta til å forstå kva som blir sagt, og viss du ikkje kjenner språket, må du lesa teksten.

For det tredje meiner eg at dubbinga trugar det språklege mangfaldet som finst i Noreg, for nesten alle filmar og tv-seriar blir dubba til austnorsk, der det berre er bøndene som snakkar dialekt (mens skurkane og havfrueprinsessa snakkar bergensk). Eg er redd for at innskrenkinga av det språklege mangfaldet me finn i Noreg – særleg i desse populære media – kan føra til monospråklege ungar. Eit resultat av dubbinga kan kanskje over tid vera at ungane i mindre grad forstår ulike dialektar.

## Korleis skapar me ein kulturbarnehage?

**OM KURSET** Kulturavisa Pirion tilbyr kurs i kulturformidling for tilsette i arnehage og småskule og elles andre som arbeider med små barn.

Kurset skal vere med å bevisstgjera dei vaksne på kva kultur ein ønskjer å for midle og syne korleis den lokale kulturen og historia er eit godt grunnlag for dette.

Samstundes blir det praktiske øvingar som dei vaksne kan ta med seg i sitt vidare arbeid.

Pirionkurset passar for både små og store grupper. Kurset varar mellom 6 og 8 timar.

**Ole Brum, Ola Tveiten eller Barbie, kor hentar barna opplevingar frå?**

**OM PIRION** Stiftinga Pirion gir ut kulturavisa Pirion åtte gonger i året. Me bidreg og fast til Fagbladet, seksjon kyrkje, kultur og oppvekst, åtte gonger årleg.

Pirionkurset er eit tilbod me har til alle, heilt uavhengig av abonnement.

**OM KURSHALDARANE** Kurshaldarane våre har brei erfaring frå folkemusikk, forteljarstudium, kulturskule og kulturliv generelt.

**KONTAKT** Vil du tinga kurs eller få meir informasjon, ta kontakt med Pirion på epost [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) eller finn meir informasjon på [www.pirion.no](http://www.pirion.no).

**PiRion kurs**

**PiRion**

**Tips oss på [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no)** Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og **[www.pirion.no](http://www.pirion.no)**